



Arkivnr: 2014/1032-29

Saksbehandlar: Jon Erik Vollan

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2015

Ny ordning for Næringsbarometeret Hordaland

Samandrag

Næringsbarometeret er ei årleg undersøking som målar forventningane i næringslivet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Føremålet er å gje ei oversikt over- og ei felles forståing av framtidsutsikter og utviklingstrekk i næringslivet. Næringsbarometeret har sidan 2013 vore eit fast innlegg med lansering på Nyårsmøtet til fylkesordføraren, med eit breitt publikum av sentrale og viktige leiarar frå offentleg og privat sektor. Hordaland fylkeskommune har dei siste åra budsjettet med 371.000 kr over fylkesbudsjettet som bidrag til utforminga av Næringsbarometeret (700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet), i tillegg medverka med rolla som prosjektansvarleg og leiar på vegne av partnarskapen sia 2011.

For Hordaland fylkeskommune er Næringsbarometeret nyttig i plan-, prosess- og informasjonsarbeid der det trengs oppdatert og lokal informasjon om nosituasjon og utviklingstrekk i næringslivet i fylket.

Bak Næringsbarometeret står Hordaland fylkeskommune, NHO Hordaland, NAV Hordaland og Innovasjon Noreg Hordaland, i samarbeid med dei tilsvarende partane i Sogn og Fjordane, som har samarbeida om utarbeidinga og utgjevinga av Næringsbarometeret sidan 2005.

I eigarmøte for Næringsbarometeret Hordaland den 4. mai 2015 meldte NAV, NHO og Innovasjon Noreg (partane i Hordaland) at dei ville avslutte samarbeidet om utarbeidinga og utgjevinga av Næringsbarometeret for Hordaland etter andre utgåve i 2015. Hordaland fylkeskommune meldte i eigarmøtet at det ville fremjast ein politisk sak for endelig avklaring på fylkeskommunen sitt engasjement og vegen vidare for Næringsbarometeret

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet er positiv til ei vidare satsing på Næringsbarometeret for Hordaland. Fylkesutvalet vil ta endeleg avgjerd om vidareføring i samband med budsjettframlegget for 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 31.05.2015

Bakgrunn

Tilbake i 2004 fantes det spreidde kartleggingar over næringsutviklinga i Hordaland. Den gong hadde mellom anna NHO sitt Økonomibarometer, Sparebanken Vest sitt Næringsbarometer og Aetat (i dag NAV) si bedriftsundersøking. Hausten 2004 fremja aktørane NHO, Sparebanken Vest, Aetat og Innovasjon Noreg ønskje om å koordinere og samle dette arbeidet, og ved å trekke med fleire aktørar til å etablere og utvikle eit felles «Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane».

Saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune vart Hordaland fylkeskommune invitert inn i partnarskapen til å medverke til eit felles «Næringsbarometer». LO vart også invitert, men blei ikkje ein del av partnarskapen.

Fylkesutvalet vedtok den 28.10.2004 å medverke i utarbeidninga av eit felles Næringsbarometer i 2005. I saksframlegget til Fylkesutvalet vart det vurdert at; *«For å leggje gode planar og iverksetjing av effektive tiltak for ei god næringsutvikling trengst gode underlagsdata og grundige kartleggingar av status for framtidsutsiktar i næringane. Eit felles Næringsbarometer for Hordaland kan bli eit viktig hjelpemiddel i det framtidige arbeidet med å fremje ei god og føremålstenleg næringsutvikling i fylket».*

Hordaland fylkeskommune inngjekk frå 2005 eit samarbeid med aktørane i partnarskapen om utarbeidning og utgjeving av Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Om Næringsbarometeret

Næringsbarometeret er ei årleg undersøking som målar forventningane i næringslivet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med Næringsbarometeret er å gje oversikt over- og ei felles forståing av framtidsutsikter og utviklingstrekk i næringslivet. Gjennom dei årlege bedriftsundersøkingane og med tilhøyrande analysar og intervju, målar ein temperaturen på kva som er status for næringslivet, korleis marknadsutsiktene for næringane er, og korleis investeringar, sysselsetjing og offentleg verksemd påverkast.

Bak Næringsbarometeret står eigarane Hordaland fylkeskommune, NHO Hordaland, NAV Hordaland og Innovasjon Noreg Hordaland, i samarbeid med dei tilsvarande partane i Sogn og Fjordane.

Det vert årleg publisert to fylkesvise utgåver av Næringsbarometeret i dei to fylka.

Nytten av Næringsbarometeret

Næringsbarometeret har sia 2013 vore eit fast innlegg på Nyårsmøtet til fylkesordføraren, med eit breitt publikum av sentrale og viktige leirarar frå offentleg og privat sektor.

Næringsbarometeret er også ein etterspurd kjelde til informasjon om utviklinga i næringslivet og regionane, t.d hjå utdanningssektoren, i næringslivet og i offentleg sektor m.fl. Media har også vist brei interesse for Næringsbarometeret og har hatt god pressedekning og merksemeld på utviklingstrekk og dei funna som har kome fram av Næringsbarometeret.

For Hordaland fylkeskommune er Næringsbarometeret nyttig i plan-, prosess- og informasjonsarbeid der det trengs oppdatert og lokal informasjon om nosituasjon og utviklingstrekk i næringslivet i fylket. Dette gjeld i første rekke til arbeidet innanfor bransjane med særskilt fokus og i høve hovudstrategiane som er prioriterte i Regional næringssplan for Hordaland og det årlege Handlingsprogrammet for næringsutvikling. I tillegg har Hordaland fylkeskommune hatt god dialog og samarbeid med dei andre regionale aktørane i utviklingsarbeidet i Hordaland.

Utviklinga av Næringsbarometeret

I 2006 vart Næringsbarometeret evaluert av partnarskapen. Aktørane var samde om at partnarskapen fungerte godt og at det var prega av stor vilje til samarbeid og ønskje om godt utbyte av Næringsbarometeret og prosessen rundt. Det var god kvalitet på publikasjonane og dei vart godt mottekte politisk og av fylkesadministrasjonen og fylkeskommunen sine samarbeidspartnerar (m.a kommunar og regionråd).

I 2007 forlenga partane samarbeidsavtalen fram til 2010, med intensjon om å halde fram det gode arbeidet. Sparebanken Vest trakk seg ut av samarbeidet i 2010, med ønske om å utarbeide si eiga marknadsundersøking (Vestlandsindeksen, frå 2012). Fram til og med 2010 vart Næringsbarometeret utgjeven som trykte publikasjonar (papirversjon) av Sparebanken Vest.

Aktørane som var att i partnarskapen var samde om å fortsette samarbeidet om utarbeiding og utgjeving av Næringsbarometeret. Hordaland fylkeskommune gjekk inn som leiar og prosjektansvarleg på vegne av partnarskapen hausten 2010. Sjølv utforminga av Næringsbarometeret vart utført av praktisk prosjekteilar (innleia konsulentfirma), som gjennomførte undersøkingar, analyser, intervju og publikasjonane på oppdrag for- og i samarbeid med partnarskapen bak Næringsbarometeret.

I 2012 vart samarbeidsavtalen for partnarskapen fornya og gjeldande til 2015. I denne perioden vart Næringsbarometeret delt opp i fylkesvise utgjevingar, tilpassa dei fylkesvise behova og ønska. Næringsbarometeret vart i denne perioden publisert på ein felles nettstad -eigd av partnarskapen. Partnarskapen eig saman merkevaren Næringsbarometeret og domenet naringsbarometer.no.

Opphør av samarbeidet i Hordaland

I 2013 vedtok eigarane i Hordaland og Sogn og Fjordane å evaluere Næringsbarometeret som grunnlag for vidare strategival og utvikling. Eigarane vedtok i 2014 at dei formelt skil økonomisk lag frå samarbeidsavtalen mellom partane i Hordaland og Sogn og Fjordane, gjeldande frå og med 1.1.2015. Dei fylkesvise styringsgruppene valde å halde fram med eigne fylkesvise utgjevingar, og dei fortsette samarbeidet med partnarskapen om felles merkenamn, logo og drifta av nettstaden.

I eigarmøte for Næringsbarometeret Hordaland den 4. mai 2015 meldte NAV, NHO og Innovasjon Noreg (partane i Hordaland) at dei ville avslutte samarbeidet om utarbeidninga og utgjevinga av Næringsbarometeret for Hordaland etter andre utgåve i 2015. Hordaland fylkeskommune meldte i eigarmøtet at det ville fremjast ein politisk sak for endelig avklaring på fylkeskommunen sitt engasjement og vegen vidare for Næringsbarometeret.

I høve samarbeidsavtalen skal det i tilfelle opphør av avtalen, forhandlast om rettslig fordeling og rett til bruk av rapportnamnet «Næringsbarometeret» og domenenamn.

Vegen vidare for Næringsbarometeret Hordaland

Det vert lagt fram tre alternativ for korleis vegen vidare kan verte:

- A. Avslutte Næringsbarometeret Hordaland.
- B. Halde fram med utforming av Næringsbarometeret Hordaland, med nye samarbeidspartnarar.
- C. Ny ordning for Næringsbarometeret Hordaland i regi HFK, med auka bruk av interne ressursar, ev. i samarbeid med aktuelle alliansepartnarar.

Vurdering av alternativ:

Alternativ A: Avslutte Næringsbarometeret Hordaland

Inneber avslutning av tidsseriar og forhandlingar vedr. egetilhøve til merkevaren, logo, database og domena i forhandlingar med partane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Alternativet vert ikkje vurdert som aktuelt grunna brot av tidsseriar, og i høve utviklinga ein ser på noverande tidspunkt, t.d innan olje- og gasssektoren.

Alternativ B: Halde fram med Næringsbarometeret Hordaland, med nye samarbeidspartnarar.

Med dette alternativet kan Næringsbarometeret Hordaland vidareførast og vidareutviklast i samarbeid med nye partnarar, som også bidreg økonomisk og strategisk. Arbeidet vil vere krevjande m.t. på korte fristar å finne nye samarbeidspartnarar som også kan bidre økonomisk.

Alternativt C: Ny ordning for Næringsbarometeret Hordaland i regi av HFK, med auka bruk av interne ressursar, ev. i samarbeid med aktuelle alliansepartnarar.

Her vil HFK kunne ta eigarskapen til Næringsbarometeret Hordaland og utvikle satsinga vidare, med muligkeit til å kople på aktuelle alliansepartnarar som bidreg strategisk med utforminga, men ikkje økonomisk. Det vil vere langt mindre krevjande å kople på samarbeidspartnارar som ikkje bidreg finansielt, innanfor dei korte tidsfristane ein står framfor hausten 2015 i høve arbeidet fram mot januarutgåva 2016. Med dette alternativet kan ein i tillegg fornye og forbetra Næringsbarometeret i ønskja retning, samstundes dra betre nytte av dei interne ressursane som finst i HFK t.d. eininga for analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD), Kommunikasjonsseksjonen, Internasjonale tenester, trykkeriet, og andre. Døme på alliansepartnarar kan vere KS, Næringsalliansen, representantar frå regionråda eller ei samanstilling av utvalde aktørar i eit referanseforum.

I forbindung med vidareføring av Næringsbarometeret må rettane og eige tilhøve til bruk av namnet Næringsbarometeret og domena overførast til Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har beden partane i Hordaland om å stadfeste at eigartilhøve og rettane vert overført til Hordaland fylkeskommune. I tillegg må utvalsgrunnlaget for undersøkinga avklaraast.

Når dei gamle samarbeidspartnارane går ut av samarbeidet har vi ikkje lenger automatisk tilgong til medlemslistene/ bedriftsregisteret som har danna grunnlaget for utvalet til undersøkinga. Dersom nye partnارar kjem til, t.d Næringsalliansen, er deira medlemslister eit naturleg utgangspunkt for nytt utvalsgrunnlag. Viss ikkje ein har samarbeidspartnارar som kan bidra med adresselister vert det ein stor jobb å bygge opp eit nytt utvalsgrunnlag. Fordelen med å bygge opp utvalet frå grunnen av, er at vi kan få eit representativt utval for alle bedrifter i Hordaland.

Ved at HFK tek eigarskapen til Næringsbarometeret ser vi for oss ein betre nytteverdi, god fleksibilitet og nye bruksområde av Næringsbarometeret. M.a:

- (1) Ivaretaking av eksisterande tidsseriar/data (omsetnad, investering, tilsette)/bygge opp nye tidsseriar basert på nytt utval.
- (2) Moglege nye faste tema:
 - Kartleggje bedriftene sine kompetansebehov. Kan bli knytt til regional plan for kompetanse. Nye krav til kompetanse som følgje av endring/ omstilling (eige plantema)
 - Korleis kommunane legg til rette for næringslivet
- (3) Utvide med problemstillingar som er av laupande interesse for Hordaland fylkeskommune, ad-hoc tilleggsspørsmål om aktuelle problemstillingar som kan bli inkludert i undersøkinga ved høve.
- (4) Innspel til prognosar eller vidare analysar.
- (5) Regionale data/ analysar

AUD kan koplast på sterkare inn i arbeidet med datagrunnlaget for Næringsbarometeret i tillegg til å vere rådgjevar/ delta i referansegruppe.

- Gjennomgang av utvalet (spesielt viktig m.t. på regionale analysar) og utarbeiding av rutinar for oppdatering av utval
- Levere tenester som i dag blir kjøpt eksternt:
 - o Datainnsamling
 - o Kvalitetssikring av utval og spørjeskjema
 - o Revidering av spørjeskjema
 - o Analysar av datamateriale
 - o Tekstarbeid/intervju
 - o Prosjektleiing
- Vidare kan kommunikasjonsseksjonen i HFK bidra med t.d:
 - o Grafisk design/ «desking» av teksten
 - o Webpublisering
- Det vil sjølv sagt vere «mellomløysingar» der HFK gjer mesteparten av arbeidet sjølv, men kjøper inn nokre tenester for å gi produktet eit ekstra kvalitetsstempel, som t.d.
 - Innkjøp av ekspertkommentarar, spissanalysar og
 - Innkjøp av design (spesielt ved samarbeid med eksterne)

Om Hordaland fylkeskommune tek på seg oppgåva i eiga regi, vil dette gje auka kostnadars i form av auka stillingsressursar, men det vil det gje innsparingar i høve til eksterne utgifter. Kor mykje ressursar Hordaland fylkeskommune treng er avhengig av kva for oppgåver som vert prioritert løyst internt. For at fylkeskommunen skal ta over alle oppgåvene knytt til Næringsbarometeret reknar ein med at det er trong for ein prosjektstilling. I tillegg må det avsetjast interne ressursar i kommunikasjonsseksjonen og evt. budsjetterast med midlar til innkjøp av eksterne tenester.

Økonomi, budsjett og finansiering

Sparebanken Vest bidrog i åra fram til og med 2010 med kr. 500.000 årleg i hovudsak til trykking av publikasjon, og med prosjektleiing verdsett til kr 200.000. Då Sparebanken Vest trakk seg ut vart unytta midlar på dåverande tidspunkt (kr 728.065) overført til bundne næringsfond hjå Hordaland fylkeskommune. I 2012 og i 2013 vart det brukt av midlane på bundne næringsfond til utvikling av ny webløysing og forbetringstiltak av databasen.

Historiske tal med oversikt over midlar på bundne næringsfond:

År	Kostnadars:	Fylkesbudsjett/ FUV	Midlar overført	Saldo b.n. fond pr. 31.12
2005	1.475.766	262.260	Sparebanken Vest	*
2006	*	200.000	Sparebanken Vest	*
2007	*	310.000	Sparebanken Vest	*
2008	*	310.000	Sparebanken Vest	*
2009	1.973.219	370.000	Sparebanken Vest	*
2010	1.833.480	375.000	Sparebanken Vest	*
2011	903.239	380.000	366.000 **	1.109.826
2012	1.652.008	385.000	366.000 **	842.818
2013	1.182.379	366.000	366.000 **	709.439
2014	1.192.312	371.000	366.000 **	875.127
2015	578.531 ***	371.000	(ikkje overført)	

* Tal manglar.

** Overført ansvarsstad 10.160.317.

*** Førebelse tal, kostnadars for andre utgåve 2015 vart fordelt fylkesvis med Sogn og Fjordane.

Hordaland fylkeskommune budsjetterte i 2014 med 371.000 kr over fylkesbudsjettet som bidrag til utforminga av Næringsbarometeret (700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet). I tillegg har Hordaland fylkeskommune bidrege med stillingsressursar og prosjektleiing inn i arbeidet. Dei andre partnarane har også årleg bidrege finansielt og i tillegg med stillingsressursar i arbeidet.

Finansiering 2014:

Partnarane bidrog med følgjande i 2014:

	Kronebidrag	+ andre bidrag –verdsett til:
Hordaland fylkeskommune	kr 366.000	kr 200.000 for prosjektleiing og redaksjon
Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 200.000	kr 25.000 for redaksjonelt arbeid
NHO (begge fylka)	kr 20.000 *	kr 100.000 for del av undersøk. jan og redaksjon
Innovasjon Noreg (begge fylka)	kr 336.000	kr 50.000 for redaksjonelt arbeid
NAV (begge fylka)	kr 300.000	kr 180.000 for undersøk. mai og redaksjon

Sum:	kr 1.222.000
------	--------------

*NHO (begge fylka) bidrog fram til og med 2013 årleg med kr 83.000 (til distribusjon og porto), som vart redusert i 2014 grunna fråfall av kostnadars til distribusjon.

Kostnadars i 2014:

Undersøking, utarbeiding av innhald (innleia konsulent), to utgåver:	kr 1.029.000
Presentasjonsmøter, marknadsføring	kr 76.260
Drift nettstad	kr 36.575
Andre kostnadars, møter.	kr 7.476

I alt	kr 1.149.311
-------	--------------

Finansiering i 2015:

	Kronebidrag	+ andre bidrag –verdsett til:
Bundne næringsfond (rest)	kr 875.127	kr 200.000 (HFK), prosjektleiing og redaksjon *

Sum:	kr 875.127
------	------------

* Partnarskapen bidrog elles med omlag dei same tillegga som i 2014.

Kostnadars i 2015:

Undersøking, utarbeiding av innhald (innleia konsulent), to utgåver:	kr 558.800
Drift nettstad:	kr 19.019
Andre kostnadars, møter:	kr 712
Overført til S&F:	kr 254.996
Overført til Hordaland:	kr 41.600 *

I alt	kr 875.127
-------	------------

* Hordaland fylkeskommune sin del vert kr 18.505.

Lågare kostnadars i 2015 skuldast dels at kostnadane i forbindung med at andre utgåve vart delt likt med Sogn og Fjordane, samstundes hadde Sogn og Fjordane mindre utgifter til konsulent i forbindung med utarbeidingsa av første utgåve.

Hordaland fylkeskommune budsjettet i 2015 med 371.000 kr over fylkesbudsjettet som bidrag til utforminga av Næringsbarometeret (700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet), men beløpet er førebels ikkje nytta.

Grunna opphør av samarbeidet i Hordaland i 2015 vert midlane på bundne næringsfond nytta til finansieringa av 2015-utgåva av Næringsbarometeret, vidare vert dei resterande midlane tilbakeført til partane i høve deira prosentvise bidrag.

For 2015 har Hordaland fylkeskommune over fylkesbudsjettet kr 371.000 + kr 18.505 frå bundne næringsfond, til saman kr 389.505 til disposisjon for arbeid med Næringsbarometeret i 2015. Dette planleggjast bruk til førebuing- og utarbeidning av januarutgåva 2016 med kjøp av eksterne tenester, m.a utarbeidning av datagrunnlag, undersøking o.l, i tillegg til bruk av interne ressursar. I samband med budsjettarbeidet for 2016, vil det verte arbeida vidare med konkretisering av organiseringa og vidareføringa av Næringsbarometeret for Hordaland.